


Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune



Prosjekt under utvikling 11/ 2017

Ambisjon – grunnngjeving for prosjektet



Utdanningssektoren i heile utdanningsløpet, inkludert etter- og vidareutdanning, må møte nye behov i privat og offentlig sektor.

Det må skje i samhandling mellom alle delar av utdanningssektoren.

Eit godt
utdannings-
tilbod

Det er viktig at dei unge får eit breitt og mangfaldig utdanningstilbod med høg kvalitet innan vidaregåande og høgare utdanning i tråd med behovet til det lokale næringslivet.

I samarbeid
med nærings-
og arbeidslivet


Kompetansesterke og kunnskapsbaserte fagmiljø er eit konkurransefortrinn og skal koplast tettare mot utdanningsløpet. Det er ein ambisjon om å få etablert eit "kunnskaps-kluster" innan aktuelle næringar.

I eigna fysiske
omgjevnader

Det skal jobbast med å få etablert ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgskuleutdanning, til erstatning for den vidaregåande skulen på Bildøyna

Kjelde: Nye Øygarden kommune, Intensjonsavtale versjon 1.0

Ein ambisjon – tre innsatsområde



Gode sirklar

KOMPETANSEDRIVEN NÆRINGSUTVIKLING

Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune - verdi for regionen

- Eit svar på forventningar om og behov for ein raud tråd gjennom utdanningsløpet
- Auka attraktivitet for Sotra vidaregåande skule
- Eit utdanningstilbod som tiltrekkjer seg ungdom langt ut over region vest
- Ei støtte til privat og offentleg sektor som treng omstilling
- Eit viktig element i vidareutviklinga av regionsenteret i Nye Øygarden kommune



Mål for regionen sine framtidige utdanningstilbud

Utdanningsløp i samhandling mellom alle utdanningsnivå

Ein region som tiltrekkjer seg og beheld ungdom i vidaregåande utdanning

Kompetansesterke fagmiljø kopla til utdanningsløpa

Menneske som kan og vil bidra til omstillingsevne og berekraft i regionen

Relevant etter- og vidareutdanning

Eit tilbod som er raskt å mobilisera og tilpassa behov


Ein ny modell for vidareutdanning der mange institusjonar bidreg

Ein attraktiv vidaregåande skule

Fysisk utforming gjev gode vilkår for skulen sin realisering av samfunnsoppdraget

Ein aktiv og attraktiv samfunnsarena med plass for mange ulike aktørar
24/7/365

Forenkla milepælsplan



Moglege tema

- Havrommet (inkl. CO2-lagring?)
- "Greening the food"
- Brobygging mellom utdanningsnivå
- Kunnskap som trengs, når den trengs
- Spennande på skolen
- Å skape framtida
- Berekraftig helse
-


Korleis nå måla om ein kunnskapsklynge?

Utforsking av ulike utdanningsmodellar

– i eit langsiktig og profesjonelt samarbeid mellom:

- Fjell, Sund og Øygarden kommunar
- Hordaland fylkeskommune
- Utdanningsinstitusjonar
- Forskingspartnarar
- Aktørar i privat og offentleg sektor

Organisering



Prosjektdeltakarar

Prosjekteigar:

Regionrådet Vest

Styringsgruppe:

Sissel Øverdal, regionleiar Opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommune

Rune Landro, kommunalsjef Øygarden kommune

Jon Erik Egeland, kommunalsjef Sund kommune

Wilhelm Anglevik, skulesjef Fjell kommune

Prosjektleiar: Tone Merethe Aasen, seniorforskar SINTEF

Prosjektgruppe:

NN, Hordaland FK

NN, Sotra VGS

Ole Gunnar Søgner, 1.amanuensis Høgskolen på Vestlandet

Reidar Bøen, avdelingsleiar Fagskolen i Hordaland

Andreas Nordeide, pedagogisk IKT-konsulent Fjell kommune

NN, kommune

Siri Morldal, SINTEF/NTNU

Prosjektansvar:

Sigmund Kvernes, Gode Sirklar

Ressursgruppe:

NN1, Ungdommens kommunestyre

NN2, Ungdommens kommunestyre

Kathrin Jakobsen, Hordaland fylkeskommune

Paul Manger, prosjektleiar Nye Øygarden kommune

Henning Hauso, Dagleg leiar Vest Næringsråd

Gisle Nondal, FoU-leiar GCE Subsea

Tanja Hoel, dagleg leiar NCE Sjømat

Helge K. Dahle, UiB

SINTEF/NTNU [kompetanseavhengig]

HpV [kompetanseavhengig]

FiH [kompetanseavhengig]

Gode sirklar

KOMPETANSEDRIVEN NÆRINGSUTVIKLING



Budsjett og finansiering hovudprosjekt

	Budsjett		
	2 018	2 019	<i>Samla total</i>
Prosjektleiing	500 000	300 000	800 000
Timar ulike fagressursar	1 500 000	700 000	2 200 000
Eigne timar kommunar	1 000 000	500 000	1 500 000
Eigne timar FiH, HVL	200 000	100 000	300 000
Kostnader reiser, møter	200 000	80 000	280 000
TOTAL	3 400 000	1 680 000	5 080 000

I tillegg kjem frikjøp av ressurs ved Sotra VGS, som må dekkjast av Hordaland fylkeskommune, samt eigeninnsats frå fylkeskommunen i styringsgruppa og ressursgruppa.

	Finansiering		
	2 018	2 019	<i>Samla total</i>
Kontantbidrag tre kommunar	800 000	400 000	1 200 000
Andre kjeldar	300 000	130 000	430 000
Eigen tid tre kommunar	1 000 000	500 000	1 500 000
Eigen tid FiH, HVL	200 000	100 000	300 000
Søkar HNH (33,3 % av total)	1 100 000	550 000	1 650 000
TOTAL	3 400 000	1 680 000	5 080 000

Føresetnader

Dette er eit krevjande og komplisert prosjekt, som føreset at:

- Alle bidragsytarar set av nok ressursar til at framdrift kan oppretthaldast. Alle avtalar som vert gjort i samband med hovudprosjektet må visa ei slik forventning.
- All nødvendig dokumentasjon vert gjort tilgjengeleg for prosjektgruppa
- Alle hendingar som kan seinke eller på annan måte påverke framdrift og planer vert formidla til prosjektleiar utan opphald.

Regionrådet Vest: Vedtak august 2017

Regionrådet Vest ønsker å samarbeida med Hordaland fylkeskommune om kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune.

Sigmund Kvernes i Gode Sirklar og Tone Merethe Aasen i SINTEF orienterte om eit prosjektforslag som skal gje eit breitt og mangfaldig utdanningsløp i samhandling med alle utdanningsnivå, offentlig sektor og forskingsmiljø. Prosjektet har ei kostnadsramme på 5,8 millionar kroner for perioden 2017-2019.

Konklusjon: Sakspapira vart godkjent med ei endring i innstillinga frå rådmennene: punkt B og C vert slått saman til eit punkt B. Siste setning endrast frå «Framtidas kunnskapsklynge i Sotra Kystby», til «Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune»

Det vart og bestemt at ein skal kalle inn til møte i regi av regionrådet, der ein ønsker deltaking frå fylkesrådmann og politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen.

Første steg vidare er at styringsgruppa der dei tre skulesjefane deltek skal ha eit møte 12.sept. Dei skal lage ei forenkla presentasjon av prosjektet. Det er viktig å presisere at kommunane ikkje arbeider på vegne av Fylkeskommunen, men i samarbeid med, då det er fylket som har ansvar for vidaregåande opplæring.